

ORDENSREGLAR FOR VEITASTROND SKULE

(Felles reglar for alle skulane i Luster kommune med lokalt tillegg).

I Lustraskulen er me høflege, syner omsorg og tek omsyn til kvarandre, slik at skulen vert ein trygg og triveleg plass å vera for alle.

Me hjelper og rettleiar kvarandre, slik at me lærer mest mogleg den tida me er på skulen.

Alle er ansvarlege for å rydda opp etter seg, og halda skulen ryddig, både inne og ute.

Alle lyt fylgja skulen sine reglar mot mobbing.

- Me skal ikkje mobbe andre
- Me skal hjelpe elevar som vert mobba
- Sei ifrå til lærar om nokon vert mobba
- Me skal ta kontakt med elevar som står åleine

Det er forbode å forlate skuleområdet utan løyve frå skulen.

Bruk av mobiltelefon på skulen er forbode.

Dersom eleven lyt ringe, eller nokon skal ha kontakt med eleven, nyttar ein skulen sin telefon.

Bruk av snop/søtsaker/tyggegummi er ikkje tillete. For å bruka evt. halspastiller må ein ha med skriftleg melding frå heimen.

All bruk av røyk, snus, alkohol og andre rusmiddel er forbode (Opplæringslova § 9-5)

Gje melding dersom noko blir øydelagt. Ved hærverk på skulen sin eigedom (bygning, inventar, undervisningsmateriell) er eleven erstatningspliktig (Skaderestatningslova § 1-2)

Ein elev kan visast vekk frå skulen inntil 3 dagar ved alvorlege tilfelle av valdsbruk, hærverk, tjuveri og provoserande og krenkande åtferd. Rektor tek avgjerd etter å ha samrådd seg med lærarane til eleven. Elevane skal ha høve til å gjera greie for seg (Opplæringslova § 2-10).

Hugs at ordens-og åtferdsreglane også gjeld for den tida du er på veg til eller frå skulen, og ved alle arrangement i skulen sin regi.

Hugs! "Du skal vere med andre, slik du vil at dei skal vere med deg"

Samarbeidsutvalet ved Veitastrond bhg & skule har vedteke desse tillegga/moderasjonane for vår skule:

- Alle må gjera sitt beste for å gjera dei arbeidsoppgåvane dei vert pålagde både på skulen og som heimearbeid, og halda dei tidsfristane dei får på slike arbeid.
- Ved særlege arrangement, som t.d. sommaravslutningar kan lærarane gje løyve til at elevane kan få ha med seg godteri.
- Bruk av mobiltelefon, I-pod og andre elektroniske spel på skulen er forbode
- Vi unngår å gjere skade på skulebygning, inventar og materiell –og også på eigendelar som tilhøyrer medelevar. Elevar kan verte erstatningsansvarlege etter erstatningsrettslege reglar. Foreldre er erstatningsansvarlege etter § 1-2 i skadeerstatningslova for opptil 5.000 kr. Ved tap av bøker og utstyr må elevane erstatte dette.
- Ingen må gå utanfor skulen sitt uteområdet utan særskild løyve frå lærar. Alle skal møte presist til kvar time. I arbeidsøktene og i tida mellom arbeidsøktene, hjelp vi til med å halde ro og god orden. Ved fusk eller freistnad på fusk, vil skulen vurdere konsekvensar av dette.
- Vi tek omsyn til kvarandre slik at ingen vert plaga, erta, haldne utanfor eller utsette for annan sårande oppførsel (sjå § 9a i Opplæringslova). Ved mobbing eller mistanke om mobbing, føl ein instruksar som er nedfelt i våre reglar og rutinar.

På Veitastrond skule bidreg me alle til eit trygt, positivt og støttande læringsmiljø.

29.09.2014

